



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/09	Formannskapet	09.11.2009
96/09	Kommunestyret	26.11.2009

### **Kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit - Ågotnes, fase 2 - godkjenning av plankart med tilhørende føresenger og retningslinjer**

#### **Samandrag av saka:**

Kommunestyret vedtok traseane S1 og N1 for kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes i møte 29.10.2009 sak 68/09. Denne saka gjeld vedtak av plankart med tilhørende føresegner og retningslinjer etter §§ 11-7 til 11-11 i plan- og bygningslova av 2008 og tufta på høringsdokument og vedteke trasé.

Det er naudsynt at vedtak om traséval for Sotrasambandet delprosjekt 3 vert følgd opp med å vedta eit plankart der det vert reservert tilstrekkeleg vegareal i medhald av Plan- og bygningslova § 11-7 nr 2 som grunnlag for detaljregulering.

Då kommunedelplanane for Sotrasambandet vart lagt ut på høyring KS 25.09.08, vart det gjort vedtak om at tema for miljøoppfølgingsprogram som vist til i kap 16 i delprosjekt 1, Fastlandssambandet, også skulle gjelde for delprosjekt 2 Kolltveit – Austefjord og delprosjekt 3 Kolltveit - Ågotnes. Rådmannen har difor utarbeidd forslag til føringar for miljøoppfølgingsprogram tilpassa dette delprosjekt og lagt dei inn som retningslinjer som skal følgje plankartet.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner framlegg til kommunedelplankart med tilhørende føresegner og retningslinjer.

#### **Innstilling:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 11-7, plankart for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 1.
2. Kommunestyret godkjenner føresegner og retningslinjer etter Plan- og bygningslova § 11-9 til 11-11 for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561

Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 2.

Straume, den 22.10.2009

Steinar Nesse  
Rådmann

Willy Sørensen  
Plan- og utbyggingssjef

### **Handsama i Formannskapet - 09.11.2009:**

Alv Terje Fotland gav tilsvarende presentasjon for denne strekninga.

Framlegg frå Eli Å Berland om å justere framlegg til bandlagte areal i Ågotnes sentrum.

Framlegget vart **vedteke med 6** mot 3 **røyster** (mindretal H 1, AP 1, KrF 1).

Rådmannen si innstilling vart **samrøystes** vedteke med justering av areal på Ågotnes slik det kjem fram over og vart vist på kart i møtet.

Formannskapet ber administrasjonen arbeide fram planar for vidare framdrift når det gjeld reguleringsplanar for begge strekningane i tillegg til å gjere vurdering av alternative finansieringsmåtar i samarbeid med nabokommunar, fylkeskommune og statens vegvesen.

### **Tilråding i Formannskapet - 09.11.2009:**

3. Kommunestyret godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 11-7, plankart for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 1 med justering av foreslått bandlagt areal kring sentrumsareal på Ågotnes.
4. Kommunestyret godkjenner føresegner og retningsliner etter Plan- og bygningslova § 11-9 til 11-11 for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 2.

### **Handsama i Kommunestyret - 26.11.2009:**

Planleggjar Øystein Skofteland orienterte kommunestyret om stoda i prosessen med utarbeiding av plankart for strekninga Kolltveit - Ågotnes og kva som er teke omsyn til i arbeidet.

Tilråding gjort i formannskapet vart **samrøystes** vedteke.

## **Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2009:**

5. Kommunestyret godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 11-7, plankart for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 1 med justering av foreslått bandlagt areal kring sentrumsareal på Ågotnes.
6. Kommunestyret godkjenner føresegner og retningsliner etter Plan- og bygningslova § 11-9 til 11-11 for Kommunedelplan Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 2.

## **Dokument vedlagt saka:**

1. Plankart for kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes (04.11.2009)
2. Føresegner og retningsliner for kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes (04.11.2009)

## **Tidlegare utsendte dokument:**

Planrapport, Kommunedelplan med konsekvensutgreiing, Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit- Ågotnes

Planteikningar, Kommunedelplan med konsekvensutgreiing, Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit - Ågotnes

## **Tidlegare saksgang:**

KS 68/09 Slutthandsaming Kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3 Rv 561 Kolltveit – Ågotnes, Fase 1 –val av trasé

## **Saksopplysningar:**

Dette er avslutning av eit planarbeid som starta i 2006 med utarbeiding av planprogram for Sotrasambandet. Fjell kommune er planmynde for kommunedelplan (KDP) Sotrasambandet, delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes medan Statens vegvesen er tiltakshavar.

Viktige milepælar:

- Våren 2007 Planprogram for Sotrasambandet på høyring
- 04.12.2007 Vedtak om byggje- og deleforbod for Sotrasambandet KPU 368/07
- 05.06.2008 Planprogram for Sotrasambandet delprosjekt 3 vedteke KS 73/08
- 25.09.2008 KDP Sotrasambandet delprosjekt 3 vedteke lagt ut på høyring KS 97/08
- Hausten 2008 Kommunedelplanar for Sotrasambandet på høyring
- 02.12.2008 Forlenging av byggje og deleforbod for Sotrasambandet KPU 387/08
- 11.12.2008 Førebels tilråding av traséar frå formannskapet (FS 99/08)

Endeleg tilråding frå Statens vegvesen kom Fjell kommune i hende 17.09.2009 etter at planarbeidet var sett på vent for at staten skulle gjere seg ferdig med sine vurderingar knytt til konseptvalutgreiing (KVU) og kvalitetssikring i tidleg fase (KS1).

Kommunedelplanen skal sikre at tilstrekkeleg vegareal vert reservert som grunnlag for detaljplanlegging som i sin tur legg grunnlaget for realisering av prosjektet. Slutthandsaminga er gjort i to fasar fordi høyringsforslaget har inkludert fleire traséalternativ medan sjølve plankartet ikkje kan teiknast ut før det ligg føre vedtak om trasé.

I møte 21.09.2009 mellom administrasjonen i Fjell, Statens vegvesen og Fylkesmannen var det semje om å slutthandsame kommunedelplanen i to omgangar. Først godkjenning av trasé (fase 1) og dernest godkjenning av plankart, føresegner og retningslinjer (fase 2). Saka er godt nok opplyst slik at det ikkje er naudsynt med ei ny høyring. Formannskapet tok framgangsmåten til orientering 5.10.2009 i referatsak 01/09.

Kommunestyret gjennomførte slutthandsaming fase 1 i møte 29.10.2009 (KS 68/09) og vedtok traseane S1 og N1 for Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes. Etter at kommunestyret har fatta endeleg vedtak om traseval skal plankart med tilhøyrande føresegner og retningslinjer vedtakast. Når kommunedelplanen er vedteke vil den inngå som del av kommuneplanens arealdel.

#### *Plankart*

I planteikningane som følgjer planrapport og høyringsdokumenta for Sotrasambandet delprosjekt 3 har Statens vegvesen teikna ut tilsynelatande detaljerte veglinjer og kryssløysingar for dei ulike alternativa. Desse teikningane er ikkje endelege og vil verte arbeidd vidare med i reguleringsplanane. Kommunedelplankartet er utarbeidd på bakgrunn av traséane i planteikningane som låg på høyring og i møte med Statens vegvesen for å sjå til at tilstrekkeleg areal er sett av til framtidig trafikkareal fram til endelege reguleringsplanar ligg føre. Dei vedtekte traséane S1 og N1 er lagt inn i plankart med formål *Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur* i samsvar med plan og bygningslova § 11-7, nr 2.

Godkjend kommunedelplan vil avløyse eksisterande byggje- og deleforbod for denne strekninga. Formell oppheving av byggje- og deleforbod kjem opp som eige sak. Når kommunedelplanen er vedteke vil den inngå som del av kommuneplanens arealdel.

#### *Føresegner og retningslinjer*

Ved å reservere areal etter Plan- og bygningslova, opnar lova for at kommunen kan knyte føresegn og retningslinjer til arealbruken. For Sotrasambandet vil det bety retningslinjer som best mogleg styrer reguleringsplanarbeidet i den retning Fjell kommune ønskjer.

Då kommunedelplanen for Sotrasambandet, delprosjekt 3 vart lagt ut på høyring i (KS97/08) vart det fatta følgjande vedtak i pkt 3:

*”Kommunestyret legg til grunn at utgreiingar nemnt under kap 16 ”Oppfølgjande undersøkingar” vert gjennomført for alle dei tre kommunedelplanane som utgjer heile Sotrasambandet. Kommunestyret vil spesielt peike på at eit nytt samband vil verte eit særleg synleg tiltak på Sotra og bør kunne tene som ein merkevare for vekstkommunen Fjell. Kommunestyret føreset derfor at det vert laga eit eige estetisk program som oppfølging av vedtekte kommuneplanar.*

Kapittel 16 i planrapporten for Sotrasambandet, delprosjekt 1 Fastlandssambandet, som det vart vist til i vedtaket ovanfor inneheld tema som skal utgreiast vidare i eit miljøoppfølgingsprogram (MOP) som skal inngå i det vidare reguleringsplanarbeidet. Trafikktryggleik og tilhøve som er avdekkja gjennom konsekvensutgreiinga vil inngå i dette programmet.

Det vart vidare gjort vedtak i formannskapet 11.12.2008 som utfyller dette: ” *Mange av krava til kvalitet som er komne fram i høyringa, vil bli lagt inn som retningslinjer i kommuneplanen og tatt til følge i samband med utarbeiding av reguleringsplanar.* ”

Miljøoppfølgingsprogram er heimla i Plan- og bygningslova § 11-9 nr 8. :”*Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser (føresegner) til kommuneplanens arealdel om forhold som skal avklares og belyses i vidare reguleringsplanarbeid, herunder bestemmelser om miljøoppfølging og miljøovervåking.* ”

Når kommunedelplanen er endeleg godkjent vert den oversendt regionale og nasjonale styresmakter.

## **Vurdering**

Det er naudsynt at vedtak om traséval for Sotrasambandet delprosjekt 3 vert følgt opp med å vedta eit plankart der det vert reservert tilstrekkeleg vegareal i medhald av Plan- og bygningslova § 11-7 nr 2 som grunnlag for detaljregulering. Dette vil og føre til at bygging og deleforbod vert oppheva for denne strekninga. Plankartet følgjer som vedlegg 1.

Som ein del av det vidare planarbeid må det utarbeidast eit miljøoppfølgingsprogram (MOP) som konkretiserar retningslinene for anleggs- og driftsfasen og som skal knytast til reguleringsplanarbeidet. Dette er i tråd med tidlegare vedtak. Rådmannen går inn for at krav om miljøoppfølgingsprogram vert lagt inn som ei føresegn til planen og at tema for eit slikt miljøoppfølgingsprogram vert lagt inn som retningslinjer som skal følgje planen.

Retningslinene for Sotrasambandet delprosjekt 3 har og teke opp i seg nokre overordna føresetnader som formannskapet gjorde vedtak om 11.12.2008 (FS 99/08). Ordlyden i dei overordna føresetnader er endra noko i høve til desse vedtaka for å passe i forma som retningsline. Framlegg til føresegn og retningslinjer følgjer som eige vedlegg (vedlegg 2).

Rådmannen meiner at høyringa i denne saka har vore så omfattande at det ikkje er behov for ei eiga høyring for denne reserveringa av vegareal og rår til at kommunestyret i medhald av Plan- og bygningslova §11-7 og §§ 11-9 til 11-11 godkjenner Kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes som vist i vedlegg 1 med tilhøyrande føresegn og retningslinjer vist til i vedlegg 2.

Kommunedelplan for Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit - Ågotnes

## **PLANFØRESEGNER:**

### *§ 1 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur Pbl §11-7 nr 2*

For område som i kommunedelplanen er avsett til Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur etter Plan- og bygningslovens §11-7 nr. 2, kan arbeid og tiltak som er nemnt i § 1-6 ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan.

### *§ 2 Miljøoppfølgingsprogram Pbl § 11-9 nr 8*

Det skal utarbeidast eit miljøoppfølgingsprogram (MOP) knytt opp mot det vidare reguleringsplanarbeidet.

## **RETNINGSLINER:**

### *Overordna føresetnader*

Sotrasambandet skal være eit moderne, framtidretta transportnett med høg standard for kollektiv-, gang/sykkel- og biltrafikk. Det nye sambandet skal leggje til rette for eit langsiktig og integrert nærings-, bustad- og tettstadsutvikling i regionen Bergen vest, Øygarden, Sund, Askøy og Fjell kommunar. Fjell kommune har eit spesielt ansvar som reisemål og kommune for gjennomfart. I det vidare planarbeidet skal ein vurdere veg mot vestsida av Sotra.

Vegen skal i utgangspunktet regulerast som ein tofelts veg med midtdelar i tråd med Statens vegvesen sin vegnormal med dimensjoneringsklasse S5.

### *Gang- og sykkelveg*

Hovudsystem for gang- og sykkelveg skal i hovudsak følge sekundærvegnettet på strekninga Kolltveit – Ågotnes, men når ny veg på strekninga vert regulert, skal samanhengande og trafikksikkert gang- og sykkelvegnett takast omsyn til i planarbeidet. Det gjeld særleg i Ågotnesområdet og tilknytning til delprosjekt 1 og 2.

### *Kollektivtrafikk*

Det skal leggest til rette for eit vegsystem med kryssløysingar som tek omsyn til kollektivtrafikken slik at bussar kan komme frå hovudveg til terminal og mellom hovudveg og sekundærveg så effektivt som mogleg.

### *Landskapsbilde, visuelle forhold*

- Det skal utarbeidast rettleiar for utforming og materialbruk i samband med konstruksjonar som større terrengmurar, bruer, tunnelportalar, støyskjermer mm, og for andre tunge terrenginngrep som fjellskjeringar, fyllingar, deponiområde mm med sikte på å få ein god og heilskapleg estetisk utforming av alle veganlegga i Sotrasambandet.

- Det skal vurderast å legge høgspent i kabel for delar av strekninga Kolltveit - Ågotnes og særleg for strekninga gjennom Ågotnes.

### *Kulturminne og kulturmiljø*

Ny veg skal så langt råd er ta omsyn til torvhus og andre nyare tids kulturminne som ikkje vert dekkja av anna lovverk.

### *Naturmiljø*

Kryssing av vatn og vassdrag skal primært skje med bruer eller kullvertar. For å unngå forureining til vassdrag bør det vurderast reinse- og sedimentasjonsanlegg. Det skal særleg

takast omsyn til oppgang av sjøaure i Ågotnesvassdraget og vurderast avbøtande tiltak for å hindre påkjørsel av hjort.

#### *Reiseliv og friluftsliv*

For å gjere turområda og landskapet vest for Spjeldfjellet meir tilgjengeleg for tilreisande bør det vurderast å etablere rasteplass/parkering på strekninga Fjæreidepollen - Ågotnes. Det skal utgreiast avbøtande tiltak for å redusere barriereeffekt og sikre gode kryssingspunkt for Nordsjøløypa og gamle ferdselsårer og turstiar.

#### *Nærmiljø*

- Veganlegg skal optimaliserast for å redusere inngrep i nærmiljø
- Det skal utgreiast avbøtande tiltak med omsyn til reduksjon av støy og luftforureining.

#### *Anleggsperioden*

- Det skal vurderast tiltak for å avgrense landskapsinngrep i anleggsperioden
- Rigg- og anleggsområde samt naudsynt massedeponi skal spesifiserast i reguleringsplanen
- Det skal utarbeidast plan for helse, miljø og sikkerheit med særleg fokus på trafikktryggleik i anleggsperioden.

4.november 2009